

# Referat frå møte i FAU

05.02.18

19.30 – 21.45

På personalrommet til Vinjar skule

<b>Møte innkalla av:</b>	Maria Klungtveit		
<b>Møteleiar:</b>	Maria Klungtveit	<b>Skrivar:</b>	Marit Eikeland
<b>Møtedeltakarar:</b>	Maria Klungtveit, Marit Eikeland, Lars Fisketjøn, Randi Steine, Arne S. Mehus, Gunn Kristin Stråpa, Ragnhild Sukka og Åsta Hedvik Bråtveit,  Meldt forfall: Lise Renate Tistel, Siv Svennes, Ragnhild Sagsveen, Marianne Kristiansen og Sverre Vik		

## Sak 12 2017/2018 Godkjenning av referat og innkalling

- Godkjent

## Sak 13 2017/2018 Vidare arbeid «Trygg skuleveg»

- Maria og Marit har skriveforslag til eit brev me skal sende til kommunen kor me krev tryggare skuleveg. Me fekk innspel på brevet og skal jobba litt meir med det før me sender det.

## Sak 14 2017/2018 Markeringar på Vinjar skule

- 7. klasseavslutning

Det har vore ymse markeringar for 7. klasseavslutning ved Vinjar. Det er kome ynskje om ein tradisjonsrik fest med faste rammer som kan gi ein fin markering etter 7 år på Vinjar. FAU vil lage ein mal som eit utgangspunkt, men det er frivillig å bruke denne. Maria utfordrar foreldre til elevar som gjekk ut i fjor (dei hadde eit vellukka arrangement) til å lage eit lite notat til oss om kva som skjedde då og korleis det blei gjennomført.

- Juleverkstaden

Det er kome tilbakemeldingar på juleverkstaden før jul. Det var sakna velkomst, presentasjon av ny rektor, kaffi/småkaker i gangen og felles avslutning. Men det var bra aktiviteter.

Lærarane har også hatt evaluering og er einig i kritikken.

Samstundes kom ungane godt i fokus når det ikkje blei for mykje drøs mellom foreldra.

Så til neste gong kan ein prøve ut med felles opning og kanskje ein form for overgang mellom aktivitetane og ein felles avslutning.

## Sak 15 2017/2018 Meldingar frå rektor

- 5-dagars skuleveke

Frå hausten av blir det 5 dagars skuleveke. Timeplane vil bli lik forslaget som blei delt ut i desember, sjå vedlegg 1.

I timeplane slik me har den no, får 1. og 2. klasse 50 min for lite undervisningstid i veka pga at dei har fri kvar onsdag. Denne tida tek dei igjen i 3. og 4. klasse når dei går på skulen annan kvar onsdag. Dei elevane som går i 1. og 2. klasse dette skuleåret må difor ha ein overgangsordning

---

frå noverande timeplan til ny timeplan og ha full dag på onsdagen ei stund for å ta igjen undervisningstida dei manglar.

- SFO

Det førre forslaget til endra vedtekter for SFO er forkasta. Me krev å få ein uttale på forslag til nye vedtekter. Foreløpig må me søke om SFO ut ifrå dei vedtektene me har i dag.

- Åsta lagar eit skriv og deler ut på skulen med informasjon om 5 dagars skuleveke frå hausten og SFO-søknad (at me må bruke noverande vedtekter når me søker om plass til hausten).

---

- Konstitueringspolitikk av klassekontaktar

Kvar klasse vel to representantar. Men det er opning for at små klassar (seks elevar og færre) kan ha ein representant og ein vararepresentant.

Ved avstemmingar i FAU har kvar klasse uansett berre ein stemme.

---

- Åsta informerte om at det er starta eit felles prosjekt i heile kommunen som gjeld barn og unge. Prosjektet er kalla «ansvarlege vaksne» og er eit samarbeidsprosjekt mellom alle skulane, SLT-koordinator og politiet. Meir informasjon om prosjektet vil koma etter kvart.

---

---

**Sak 16 2017/2018 Ymse**

---

- Loppemarknad

Elevrådet ønskjer å ha ein loppemarknad. FAU er positive viss inntektene går til eit velgjerande føremål. Åsta diskuterer meir med elevrådet korleis dei vil ha det, kva inntektene skal gå til og korleis dei tenkjer seg dette gjennomført. Loppemarknaden bør gjennomførast i april.

---

- Neste møte blir måndag 23. april kl. 19.30

---

7. februar 2018  
Marit Eikeland  
skrivar

## Vedlegg 1

### Timeplan for 5 dagars skuleveke:

#### Småtrinnet 1.-4.klasse: 1125 min pr veke

Tid:	Kva:	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Tot. Pr.veke	
8.30-10.30	1.arb.økt	120	120	120	120	120		
10.30-11.30	Pause (60)							
11.30-12.30	2.arb.økt	60	60	60	60	60		
12.30-12.55	Pause (25)							
12.55-13.55 (13.35)	3.arb.økt	60	60		60	45		
Undervisningstid:		240	240	180	240	225	1125	

#### Mellomtrinnet 5.-7.klasse: 1235 min pr veke

Tid:	Kva:	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Tot. Pr.veke	
8.30- 9.30	1.arb.økt	60	60	60	60	60		
9.30- 9.40	Pause (10)							
9.40-10.40	2.arb.økt	60	60	60	60	60		
10.40-11.30	Pause (50)							
11.30-12.40	3.arb.økt	70	70	70	70	70		
12.40-12.55	Pause (15)							
12.55-13.55 (13.35)		60	60	60	60	45		
Undervisningstid:		250	250	250	250	235	1235	